



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstartsmelding for områderegulering for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta - planid 2021002 – Austrheim.

Vi viser til brev frå kommunen datert 10.02.2021. Saka gjeld oppstart av områderegulering av bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta.

Vi forstår det slik at formålet med planarbeidet er å leggje til rette for bustad og friområde i samsvar med overordna plan. Kommunen har vurdert at planarbeidet ikkje utløysar krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Statsforvaltaren sine merknader til oppstart

Etter det vi kan sjå vil støy, klima, barn og unge, universell utforming og folkehelse vere sentrale tema i dette planarbeidet.

Støy

Deler av planområdet ligg i støyutsett område. Vi legg til grunn at det vert utført støyfaglege vurderingar om det vert vurdert å byggje bustader eller ha uteopphaldsareal/ leikeareal i desse områda. I dette området bør ein ikkje leggje opp til å fråvike støygrensene i tabell 3 i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2016).

Klima og klimatilpassing

Deler av planområdet ser ut til å vere myr. Myr er lager for klimagassar og omdisponering av myr kan føre til at desse kjem ut i atmosfæren. Vi viser til statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing der det mellom anna står at planlegging skal bidra til reduksjon av klimagassar. Ein bør difor i størst mogleg grad unngå å plassera tiltak i myr. Om ein vurderer å omdisponere myr bør ein undersøke kva type myr det er snakk om og kor mykje klimagassar ein frigir ved utbygging.



Omdisponering av myr kan også vere uheldig for handtering av overvatn. Vi gjer merksam på at bortval av naturbaserte løysingar skal grunngjevast jf. statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Bustad-, areal- og transportplanlegging

I følge statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar. Planlegging skal bidra til å styrka sykkel og gange som transportform.

Folkehelse, universell utforming og barn og unge

Når ein skal planleggje nye bustadområde er det viktig at ein planlegg for eit godt bu-miljø for alle, jf. pbl. § 3-1 e. Kommunen bør prioritere gode møteplassar og felles leikeareal med gode kvalitetar i området. *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging*, må difor leggast til grunn i vidare planarbeid.

Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:



Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN